

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Postboks 37

6861 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref
04/1202-2 EVV

Dato
23.03.2004

Verdivurdering av aksjar

Vi viser til e-post av 16. mars 2004 om verdivurdering av aksjar i balanserekneskapen.

Føresegn om årsrekneskap og årsberetning § 8 slår fast at anleggsmiddel skal vurderast til lågaste verdi av inntakskost og verkeleg verdi. Om anleggsmiddelet vert nedskrive til verkeleg verdi i balansen, føreset dette at verdifallet ikkje er venta å vere av forbigåande karakter. Kommunelova opnar ikkje for oppskrivning av anleggsmiddel, berre reversering av nedskrivingar. Marknadsbaserte finansielle omløpsmiddel skal vurderast til verkeleg verdi.

GKRS har gått nærare inn på skiljet mellom dei ulike formene av egedelar og gjeld i F nr. 1 – Klassifisering av anleggsmiddel, omløpsmiddel, langsiktig og kortsiktig gjeld. Der vert m.a. avgrensinga mellom finansielle anleggsmiddel og finansielle omløpsmiddel presisert. Standarden har status som førebels standard og skal dermed i utgangspunktet følgjast. Kommunen må eventuelt grunngje kvifor han avvik frå standarden. Om avviket er vesentleg, vil eit brot med standarden kunne verte rekna som at god kommunal rekneskapskikk ikkje vert fylgd.

Føremålet og intensjonen med aksjane vil i stor grad vere retningsgjevande med tanke på klassifiseringa i balanserekneskapen. Aksjar som ikkje inngår i ei marknadsbasert handelsportefølje, vil høyre inn under finansielle anleggsmiddel. Eksempel på dette vil vere kjøp av aksjar i bedrifter som kommunen har ei særskild interesse av å engasjere seg i eller som er næringspolitisk motivert, slik som attføringsbedrifter, kommunale næringselskap, energiverk m.m.

Klassifisering av aksjar som omløpsmiddel inneber at desse inngår i ei handelsportefølje med sikte på vidaresal, vert omsette på børs eller i ein regulert marknad og har god likviditet og eigarspreiing.

Omklassifisering skal berre gjennomførast unntaksvis. Dette medfører i så fall som hovudregel ei rekneskapsføring i investeringsrekneskapen. Verdivurderinga må finne

stad før omklassifiseringa.

Med helsing

Trond Ø. Christensen, e.f.
underdirektør

Even Vaboen
Førstekonsulent